

Din rørleggerbutikk

Kontakt oss for små og store oppdrag

rørsenteret

GOL - vegg i vegg Aktuell

Tlf. 75 688

man.-fred. 9-16

lørdager 9-13

HEMSEDAL

Alf Johannessen

Tlf. 79 190



LOKALAVISA
VAR



Hallingdølen

LOKALAVISA
FOR HALLINGDAL

TORS DAG
4. JANUAR
1990

STEDET FOR GODE BYGGEVARER

NORGESBYGG

Hallingdal as

Tlf. 067-75 555
3550 Gol

Avd. Nesbyen Tlf. 067-71 455
Avd. Hemsedal Tlf. 067-78 385
Avd. Al. Al Interior Tlf. 067-81 515
Avd. Al. Gulhagen Tlf. 067-81 970

Abonnementspriser:

12 mndr.: kr. 490,-

9 mndr.: kr. 380,-

6 mndr.: kr. 265,-

3 mndr.: kr. 140,-

Torbjørn Engene i Gol:

Suksess- entreprenøren

Torbjørn Engene frå Gol er i sanning ein «self made man». Frå ein start på berr bakke som 19-åring i 1971, utan å kunne syne til papir og midlar av noko slag, har han bygd opp ei millionbedrift innan entreprenørbransjen. Skulebakgrunnen til Torbjørn Engene er etter eigne utsegner lik null. Fagleg innsikt,

kombinert med hardt arbeid og forretningssans har likevel gitt Engene store oppdrag, og ført han fram der han er i dag. Det er også kjent at 37-åringen frå Engene kan vera ein «hard negl» når det røyner på. Presseopplaga siste tida om erstatningskravet mot Al kommune stadfestar dette.

Av OLAV J. BØTHUN

I desse dagar etablerer Torbjørn Engene seg med administrasjon og verkstadhall i Gol. Han har framleis store planar, men seier også at det blir lenger og lenger mellom dei store oppdraga. Han meiner difor at det ikkje er realistisk for bedrifta å bli større enn ho er i dag.

To firma

Engene kontrollerer no to firma, det personlege firmaet T. Engene aut. maskinentreprenør, og aksjeselskapet T-Maskin A/S. Samla har dei to selskapa ei omsetning på nær 20. millionar kroner, og ein arbeidsstokk på omlag tjue personar. Rekneskapstala til begge selskapa blir betegna som botnsolide. Maskinparken er omfattande. Talet på lastebilar, gravemaskinar, hjullastarar, bulldozerar og andre maskinar av ulike slag, er no oppe i 35.

Maskinane til Torbjørn Engene er spreidde over store delar av landet. I tillegg til Hallingdal har han framleis jobbar på Jostedal-anlegget. Svartisutbygginga i Nordland sikrar Engene arbeid i fleire år framover.

Vasskraft og veg

Det er fyrst og fremst dei store vasskraft-utbyggingane på 70- og 80-talet som har lagt grunnlaget for den sterke utviklinga

i drifta til Torbjørn Engene. Seinare har gode kontraktar med store vegutbyggarar styrka vekstgrunnlaget ytterlegare. Fjærlandstunnelen under Jostedalsbreen mellom Jølster og Fjærland i Sogn og Fjordane, og Fløyfjell-tunnelen i Bergen, er to av dei store oppdraga i så måte.

Aurland, Lærdal, Ulla-Førre, Orkla-Grana, Jostedalen, og no Svartisen, er namn som går att når han gjer greie for arbeidsoppdraga. Engene har altså satsa mykje på oppdrag utanfor dalen. Trass i at han no bygger opp kontor og verkstadhall i Gol, reknar han framleis med å hente dei store arbeidsoppdraga utanom Hallingdal. Han har inga tru på at det blir slutt med reisinga, og nemner OL på Lillehammer og flyplassen i Hurum som to moglege arbeidsområde i åra som kjem.

På berr bakke

Engene starta på berr bakke som entreprenør. Han jobba i det små, køyrde sin eigen bil, bytta inn med jamne mellomrom, og bygde opp grunnlaget for vidare satsing. Først i 1978 auka han omfanget av maskinparken med ein gravemaskin. Engene trur sjølv han gjorde klokt i å bygge seg opp sakte og sikkert.

– Det starta i Aurland i 1971. Fekk arbeid hjå ein Gol-entreprenør som dreiv stort der

borte. Då eg runda 20, og hadde lov å køyre lastebil, vart det til at eg kjøpte min eigen bil. Det var ein brukt Mercedes snutebil.

– Timelistene fortel at me jobba rundt 100 timar i veka den gongen eg starta opp. Under kraftutbyggingane held eg det gåande med forholdsvis få maskinar.

– Veksten kom for fullt tidleg på 80-talet. Eg fekk ein del svære jobbar. Spesielt betydde Fjærlandstunnelen og Fløyfjellstunnelen mykje. Fløyfjellstunnelen aleine var ein jobb på noko over åtte millionar kroner. Eg hadde fire bilar sjølv, men måtte i tillegg leige inn 25 til 30 bilar for å få unna massen. Jobben i Fløyfjellet la dessutan grunnlaget for kontraktar i Svartisen. Som kjent brukte dei fullprofilmaskinen «Madam Felle» i Bergen. No går denne maskinen, som er den største i Europa, på ein overføringstunnel i Svartisområdet. Etter gjennomslaget i Bergen, fylgde eg med på lasset nordover.


– Spesielle jobbar

Ein av grunnane til at Torbjørn Engene har greidd å sikre seg jobbar, er at han har spesialisert seg på enkelte tyngre jobbar. Fullprofilmaskinar og damplastring er to stikkord for Engene. Massetransport for fullprofilmaskinar krev

spesiell ekspertise. For full maskin grev «Madam Felle» ut over 400 kubikkmeter masse i timen. Dette tilsvarar 30 til 35 lastebillass. Når avstanden mellom maskinen og tippen er nærmar seg sju kilometer, seier det seg sjølv at ting må skje raskt. Dersom det i tillegg er sterk høgdeskilnad frå mellom start og mål, blir det stilt store krav til både sjåførane og materiellet. Engene har mellom anna montert såkalla retardarar på samtlige av lastebilane som jobbar under «Madam Felle». Dette er ei innretning som gjer at bilane utan fare kan halde stor fart i lange og bratte unnabakkar.

– Detaljane i maskinparken er ofte avgjerande når ein konkurrerer om spesielle jobbar. I Svartisen vann eg fram på grunn av at bilane mine kunne brukast meir effektivt enn bilar utan retardar. I andre tilfelle er det andre ting som avgjer. Ein må berre sørge for å ha rett utstyr på rett stad, seier Engene.


Torbjørn Engene bygger no ut ei seks mål stor industritomt i Gol. Tomta skal mellom anna romme oppstillingsplass for maskinparken. Me trur ikkje denne plassen blir overfylt i åra som kjem, trass i dei trange tidene. Uvirksame maskinar på oppstillingsplassar er nok ikkje «rett utstyr på rett stad» i Torbjørn Engene sine auge.



Fagleg innsikt, kombinert med hardt arbeid og forretningssans har ført Torbjørn Engene dit han er i dag.




Ny, solid skatteytar i Gol. Maskinparken til Engene nærmar seg 40 einingar. Denne ruggen har han to av. Gjelda på maskinane er likevel minimal.



Massetransport i Fjærlandstunnelen..



Engene har satsa mykje på spesielle jobbar. Noko dette skiltet ved Fløyfjellstunnelen stadfestar. «Anleggsstrafikk i stor fart».



.. og plastring på Styggevassdammen er to av dei store jobbane Engene har hatt.



Her på tomte Leirhaugen bygger Engene si eiga industritomt etter avtale med kommunen.